

Referat fra førehandskonferanse – 250/24

Tiltak	Nytt skyte senter
Tiltakshavar	Kvinnherad Skyttarlag
Ansvarlig søkjar	-
Møtestad	Rådhuset, Rosendal
Møte dato/ tid	04.02.2025 kl. 1000
Til stades	Petter Flotve(Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS) Synneva Seim (Kvinnherad Skytterlag) Jørn Hjelmeland (Kvinnherad Skytterlag) Ingo Bewer (Kvinnherad Kommune) Svein Marken (Kvinnherad Kommune,ref.)

- Kvinnherad skyttarlag gav ei kort orientering om dei vurderingar som var gjort etter sist møte, og vurderingar knytt til å kunne nytta del av eksisterande plan vidare. Eit nytt skyttarhus og legge til rette for nok parkering er noko av det som er ynskjeleg.
- Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS vart kontakta, og det er førebels vurdert at om underlag som ROS analyse, hydrologisk rapport, flaumvurdering, biologisk mangfalds vurdering(samt evt. andre fagrapportar) vert gjennomført kan grunnlag for ei planending vera til stades.
- Kommunen informerte at eksisterande plan er gammal, men er framleis relevant. Endra plan lyt til ulike myndigheiter m.a Statsforvaltaren i Vestland for handsaming. Det er einigheit om at gjeldande reguleringsplan dekkjer samfunnsnyttige behov som øvingsbane for politi, heimevern og for allmenta ,då knytt til øvingsbane for jegerar m.fl.
- Heilt ny reguleringsplan er vurdert svært kostbart for skyttarlaget.
- Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS lager eit oppsett med vurderingar kring kva grunnlag som lyt vera på plass for søknad om mindre planending, og sender denne over til Kommunen v/Ingo Bewer for intern avklaring og attendemelding.